1. **Hovudmål og delmål for prosjektet:**

Å finne fram til ein permanent organisering av Kystpilegrimsleia som kan ta over etter prosjektslutt etter ein inter-regional samarbeidsmodell med mål om å kunne stå som mottakar av statstilskott til pilegrimsarbeidet. Arbeidet må vere tett kopla med det statlege arbeidet med ein ny strategi for pilegrimssatsinga iverksett av Kulturdepartement og med forventa avslutting i 2019.

2. **Prosjektorganisering**

Prosjektorganiseringa går fram av vedlegg.

3. **Utforminga av oppdraget/bestillinga**

Alle aktivitetar i prosjektet vert delt inn i hovudaktivitetar (HA) og underaktivitetar (UA). For å gjere arbeidet med dette lettare, har vi utvikla følgjande skjema:

| **Hovud-aktivitet**<br><br>**HA** | **Underaktivitet**<br><br>**UA** | **Ansvar** | **Tidslengd**<br><br>**Oppstart**<br><br>**Slutt** | **Kommentar** |
|---|---|---|---|---|
| HA1 : Ny prosjekt-oppstart.<br><br>PL kjem med forslag til prosjekt-plan<br><br>**Vedteke prosjekt-plan vil danne grunnlaget for fastsetting av tidsfristar for HA 2 – HA 4** | Informasjonsoverføring til PL:<br>Gje tilgang til all informasjon, og utarbeidd material frå fase 1 av prosjektet gjennom dialog mellom PL og Ressursgruppa<br><br>PL utarbeider på dette grunnlaget forslag til prosjektplan for godkjenning av styringsgruppa.<br><br>Informasjon ut:<br>Synleggjere ut kor vi står i arbeidet. Introdusere det vidare arbeidet og prosjektleiing ved å sende informasjon til/re-etablere kontakt med alle kommunar/kontakt-personar. Informasjonen bør innehalde kva som er målet med framhaldsprosjektet og kva det vert forventa at aktørane skal kome med innspel på i dei vidare prosessar. | Fylka/PL<br><br>Fylka/PL<br><br>PL | Utgangen av september 2018 | |
| HA 2:<br><br>Forankring (lokalt og regionalt) | Kartleggje aktørane sine ønskje om korleis ein permanent organisering av Kystpilegrimsleia bør vere og kva oppgåver organisasjonen bør ha. | PL | | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | Etappesamlingar med nøkkelstader, reiseliv, kyrkje og offentlege mynde | | | |
| HA 3: Prosjekt-administrasjon | PL har ansvaret for:<br><br>Førebuing av saker, innkalling og referat frå møte i styringsgruppa<br><br>Prosjektleiar nyttar ressursgruppa ved behov.<br><br>Dagleg oppfølging av lokale/regionale aktørar Organisere og drifte felles digitale møteplassar for prosjektaktørane. Følgje opp vidare utvikling av digital reiseassistent/Aispot. Økonomistyring<br><br>Rapporterer til styringsgruppa via koordinerande fylke | PL<br><br>PL<br><br>PL<br><br>Koordinerande fylke | | |
| HA 4:<br><br>Prosjekt-avslutting og leveransar | Prosjektrapport: Framtidig organisering av Kystpilegrimsleia. *Tilråding på modell på grunnlag av utgreiingar av ulike modellar og deira potensiale for regional forankring, oppslutnad og gjen-nomslag nasjonalt* | PL | August 2019 | |